

INNHALD

INNLEIING	2
FJELLSTYRE	3
MEDLEMMER	3
AKTIVITET	3
FJELLOPPSYN	3
TILSETTE	3
AKTIVITET	3
SAMARBEID - OPPDRAG.....	3
REFUSJON	4
STØL OG BEITE	4
STØL.....	4
BEITE.....	5
STØLSVEGAR	5
HYTTEPLAN FOR STUBBESET	6
FISKE	6
FISKEKORTSAL.....	6
FISKEKORT FOR INNANBYGDS	7
REGISTRERINGAR.....	7
KULTURARBEID M.M.....	8
SMÅVILTJAKT	9
FORVALTNING.....	9
KORTSAL	10
STATISTIKK	10
ELGJAKT	13
RÅDYRJAKT	13
JAKTPRØVER	13
TILSKOT OG TILTAK	14
MILITÆRE ØVINGAR	14
MOTORISERT FERDSEL I UTMARK	15
ØKONOMI	15
GENERELT	15
STATUS	17
VASETFONDET	17
REKNESKAP FOR VASETFONDET:	17
REKNESKAPSUTDRAG	18
REVISJONSMELDING	19

INNLEIING

Oppnemning av fjellstyre er regulert i fjellova av 1975, §3 der det heiter :

"I kvar kommune der det er statsalmenning skal det vere fjellstyre.

Fjellstyret skal administrere bruken og utnyttinga av rettar og lunnende i statsalmenning så langt anna er fastsett i eller i medhald av lov. Det skal arbeide for å sikre at almenninga vert brukt på ein måte som fremjar næringslivet i bygda og tek vare på naturvern- og friluftsiinteressene.

Fjellstyret skal ha 5 medlemmer med personlege varamedlemmer. Dei vert valde av kommunestyret, eit medlem som leiar og eit som nestleiar.

Fleirtalet av medlemmene med varamedlemmer skal veljast blant personar som siste året har vore og framleis er fast busette i området der almenninga ligg , og som Kongen fastsett grenser for, eller i bygd eller grend der innbuarane frå gamal tid har utøvd almenningsbruk i almenninga .

Funksjonstida er fire år og følgjer kommunevalperioden.

Kommunestyret skal syta for at jakt-,fiske- og friluftsiinteressene vert representert i fjellstyret og at minst to medlemer med varamenn vert valde blant dei som har rett til almenningsbruk i almenningen som jordbrukar. Kongen kan, for område som er eller vert lagt under lova, fastsetje at reindriftsnæringa skal vere representert i fjellstyret og at den eine eller begge av dei to som skal ha almenningsrett som jordbrukar i staden skal vere reineigar. Elles gjeld reglane i kommunelova om kven som kan veljast som medlem av kommunale nemnder tilsvarande ved val av fjellstyre."

FJELLSTYRE

Medlemmer

Fjellstyret har hatt følgjande samansetning:

Leiar: Eivind Mørken
Nestleiar: Jorunn Bråten Tvenge
Styremedlem: Jon Bråten
Kjell Strand
Marit Anny Løken Tvenge

Aktivitet

Fjellstyret heldt 5 ordinære styremøter og behandla 80 saker , vidare var det 1 befarings. I tillegg deltok representantar på kurs fjellstyrer, årsmøte for fjellstyra i Oppland, årsmøte for fiskeanlegget FOSA, møte om driftsplan for elg m.m. Fjellstyreleiaren har i tillegg delteke på ulike møter og befarings. Styremedlem Kjell Strand er representant i styret for Fjellstyra i Oppland og styremedlem i Norges fjellstyresamband.

FJELLOPPSYN

Tilsette

Fjellstyret har hatt følgjande tilsette i året:

Fjellopsyn I, Harald Ranum
Fjellopsyn II, Endre Hemsing

I tillegg har ein leigd inn tilfeldig hjelp i samband med tiltak for friluftslivet og til fiskekulturarbeid.

Aktivitet

Fjellopsynet har ein samansett funksjon som skal omfatte saksbehandling, kontroll, skjøtsel, informasjon m.m. Saksbehandling og kontroll/informasjon dei arbeidsoppgåvene som tek mest tid. I kontrollfunksjon er det viktigast å virke preventivt. Talet på påtala saker ligg omtrent som tidlegare år.

Fjellopsynet har representert fjellstyret i ulike samanhengar m.a. som representant i styret for "Fisking i Valdres".

Samarbeid - oppdrag

Fjellstyret har ikkje full dekning for å ha 2 fast tilsette fjelloppsyn, og derfor er det eit samarbeid med ulike oppdragsgjevarar om arbeid som fjelloppsyn II i hovudsak utfører. Det er utført oppdrag som tilsvarar over eit 1/3 årsverk og dette har gitt ei inntekt på kr 101474.

I siste år hadde ein følgjande oppdragsgjevarar: arbeid for settefiskanlegget til fjellstyra i Oppland (FOSA), jakttoppsyn for Veståsen grunneigarlag, administrasjon av driftsplan

for elg i V.Slidre kommune, oppsyn med militære øvingar og motorisert ferdsel i utmark i Ulnes sameige, fjelloppsyn for Vang fjellstyre i Eidsbugarden fjelleigendom, naturoppsyn i verneområda Øynadn naturreservat, Tøso naturreservat, Uri naturreservat, Smådalen landskapsvernområde, Helin plantepark og Lomendeltaet fuglefredningsområde. Fjelloppsynet har også utført ein del prøvefiske og analysearbeid for ulike oppdragsgevarar.

Refusjon

Etter fjellova § 36 skal Staten refundere halvparten av utgiftene til godkjende oppsynsordningar. Tidlegare fekk ein godkjent ei fast mengde årsverk og refundert utgifter til lønn og reise m.m. Refusjonsordninga er no slik at det er årleg godkjenning av budsjett på oppsynsutgiftene avhengig av årlege løyvingar over statsbudsjettet.

Det er i løpet av året kome ein forenkling av all skjemaføringa som tidlegare var nødvendig i samband med søknad om refusjon. I staden for årleg søknad finn fjellstyret det meir rett å gå tilbake til tidlegare ordning med godkjenning av det årsverk som er nødvendig for at drifta i området. Etter fjellova har ein krav på å få refundert halvparten av utgiftene til godkjent oppsynsordning og noverande ordning meiner fjellstyret ikkje er i samvar med fjellova. Ein vil arbeide vidare for å få refusjon knytt til årsverk.

STØL OG BEITE

Støl

Det er ikkje søkt om nye stølar i året.

Tidlegare søknad om støl til Rudvang/Forset 81/2 ved Rensenn er sjølv etter fleire påminningar framleis ikkje behandla i fylkeslandbruksstyret.

Søknad om å få fritidsfeste på ein støl på N.Gilen som har fall i det fri har Statskog avslege etter at fjellstyret frårådde søknaden.

Ein støl ved Svult som ikkje er teken i bruk (vist ut i 1981) har Statskog sagt opp etter at fjellstyret tilrådde oppseing etter søkjaren hadde sagt frå seg utvisinga.

Det er søkt om å få fritidsfeste på ei løyve som utan løyve er bygd om til overnattingsformål. På lik line med andre søknader om fritidsfester på stølslag har fjellstyret frårådd overfor Statskog at søknaden blir innvilga. Det har kome søknad frå stølsbrukaren om å få ha huset ståande som kårsel, men han som har bygd om løa vil ikkje seia frå seg sine rettar i huset. Så lenge huset ikkje blir overført utan atterhald til stølsbrukaren, kan fjellstyret ikkje ta avgjerd i saka. Statskog må i så fall behandle byggesaka som ulovleg oppføring av fritidshus.

Fjellstyret fekk i 1996 ei klagesak vedrørande bygging på støl. Stølsbrukaren har fått vist ut beite og fått løyve til oppføring av sel og fjøs. Fleire hyttefestarar som ligg i god avstand frå stølen har klaga både over byggeløyve og beiteutvising. Etter fjellstyret sitt syn er ikkje hyttefestarane part i saka, og har derfor avvist klagen. Saka vart oversendt Statskog som overordna klageorgan og dei har stadfesta fjellstyret sitt vedtak. Det er

også reist klage over kommunen sitt vedtak etter plan- og bygningsloven. Fylkesmannen har vore på befaring og stadfesta kommunen sitt vedtak. Klagesaka er etter fjellstyret sitt syn reist utan noko sakleg grunnlag, og gjer at stølsbrukaren får ekstra kostnader ved utsettinga.

Beite

I klagesaka nemnt i kapittelet om støl har gjort til at den praktiske ordninga med utvising av beite må endrast. Beite ikkje kan visast ut etter § 12 (grunn disponering), men skal skje etter § 19 (tilleggsjord mm.). Søknaden om beite er på bakgrunn av dette behandla på nytt og tilrådd i fjellstyret og landbruksstyresmakter. Ein fann ikkje å ta omsyn til klagen korkje frå stølsbrukarar eller hyttefestarar i området. Statskog har gjort nytt vedtak om utvising, og hyttefestarane har klaga saka inn for departementet. Desse sakene syner kor viktig det er å sikre almenningen for landbruksinteressene.

Etter omlegging til meir sumarmjølke er det eit aukande behov for inngjerda beite. Høgtytande kyr er avhengig av kulturbeite for å ha ein tilfredsstillande produksjon, og behovet for inngjerda beite er stadig aukande. Det er også innført tilskotsordning for opparbeiding av beite som gjer at interessene aukar.

På Kvålsstølen er det søkt om overføring av eit stølsjorde utanom stølstunet, noko fjellstyret ikkje kunne godkjenne.

Søknad om overføring av eit ubebyggt stølsjorde på Vaset har fjellstyret tilrådd godkjent som tilleggsjord til den som har kjøpt deler av hovudbruket.

Følgjande søknader om beite har vore behandla i fjellstyret i året:

Søkjar	Stølslag	areal	Status
Alf Bekkevold	N.Nøsen		Under behandling i fjellstyret
Marit Anny L. Tvenge	Sørre Gile		Vist ut
Aslag Hamre	Nørre Gile	150	Under behandling v/landbrukskontor
Erik Gunnar Kvale	Nørre Gile	44	Under behandling v/landbrukskontor

I tillegg har det vorte godkjent 1 mindre grensejustering av stølsutmåling.

STØLSVEGAR

Det største problemet for stølsvegane er tilgangen på grus. Fjellstyret sette derfor i 1995 i gang registrering av grusførekomstane og har arbeidd vidare plan i 1996. Det vart undersøkt 36 lokalitetar og ein fann mykje grus, men ikkje alt var av like god kvalitet. Det bør uansett vere tilstrekkeleg grus for lang tid framover.

Førekomstane vart undersøkt av fylkesarkeologen for eventuelle fornminne. Det vart funne rester etter kolbrenning i 3 mindre viktige lokalitetar, og desse lokalitetane er freda etter kulturminnelova.

Planen vart behandla i kommunen, men dei vil ha ei meir fyldig plan for å kunne behandle søknaden som disposisjonssak. Fjellstyret tek sikte på å legge fram revidert plan i løpet av vinteren 1998.

Statskog har etter tilråding frå fjellstyret godkjent omlegging av stølsvegen Vaset-Murkelie ved Grefsrudbakkin og stølsvegen Neste-Buaråne ved Krokånfeten.

HYTTEPLAN FOR STUBBESET

Vasetområdet er av kommunen peikt ut som satsingsområde for turistutbygging og det er lagt ned store grunnlagsinvesteringar i. I eit forsøk på å få fortgang i investeringane på Vaset har kommunen utarbeidd ei plan for utbygging av 50 nye hytter på Stubbeset ved Vaset. Det er skissert at eit utbyggingsselskap skal stå for sal av tomter/hytter og at eventuelt overskot skal gå inn som kapital i vidare utbygging på Vaset.

Fjellstyret la saka ut til offentlege ettersyn og tilrådde plan etter at det ikkje kom merknader. Fjellstyret ba om at det vart halde att 10 tomter til utflyttingstomter, noko kommunen vil løyse ved dispensasjon for erstatningstomter både innanfor og utanfor Stubbesetplan.

Det er søkt om lånefinansiering gjennom grunneigarfondet v/Statskog og gjeve tilbod om aksjeteikning. Fjellstyret ser det ikkje berre som ei styrking, men som ein føresetnad for etablering av utbyggingsselskapet at grunneigarfondet v/Statskog går inn som aksjonær med eit relativt stort engasjement. I tillegg til aksjekapital vil Statskog kunne tilføre utbyggingsselskapet erfaring frå liknande utbyggingar. Fjellstyret tilrår Statskog å gå inn med grunneigarfondsmidler i utbyggingsselskapet både som aksjonær og långjevar.

FISKE

Fiskekortsal


Kortsalet gav ei inntekt på kr 102800, mot kr 87372 året før. Inntekta etter at provjson er trekt frå blir kr 87380. Fjellstyret har hatt utgifter til settefisk og leigd hjelp til kulturarbeid på kr 81131,45. I tillegg kjem arbeidet fjelloppsynet har gjort.

Fjellstyret har vedteke at overskotet ved kortsalet skal gå uavkorta tilbake til kultiveringsarbeid, men reknar ein med alt som blir brukt til kultiveringsarbeid, oppsyn og administrasjon av fiske er det vesentleg større beløp enn det som kjem inn i fiskekortinntekter.

Sal av fiskekort fordelt på korttyper

Innanbygds								Utanbygds							
Enkeltkort				Familiekort				enkeltkort				Familiekort			
1-d	3-d	Veke	år	1-d	3-d	veke	år	1-d	3-d	veke	år	1-d	3-d	veke	År
7	2	7	67	1		1	27	271	188	87	142	57	24	27	65

83	29	688	173
112		861	
973			





Fiskekort for innanbygds

Spørsmålet om løysing av fiskekort for innanbygdsbuande, herunder bruksrettshavarar, var eit uløyst problem i mange år. Etter ein lang saksgang vart fiskekort for alle innanbygds, herunder bruksrettshavarar, innført att i 1994. Det er stadig fleire som løyser kort av innanbygds, og dei 2 siste åra vart det ikkje kontrollert nokon som fiska utan kort. Kortsalet har auka frå 52 stk i 1994 til 112 stk i 1997.

Registreringar

Fjellstyret har halde fram samarbeidet med fiskarane i samband med overvaking og kulturarbeid. Ein får ein meir kontinuerleg overvaking av vatna og eit sikrere grunnlag å vurdere kulturtiltak på. Dette er kostnadssparande og det styrkjer og kontakten mellom forvaltning og brukarane av vatna.

Ut frå fangsrapportane har ein sett opp følgjande fangstoversikt:



Resultata kan vera noko usikre då det er få fiskar i nokre vatn, ulike vektor med meir.

Rensenn og Strøstjedd vart prøvafiska i september – 97. Bearbeiding og oppsummering syner at Rensenn no har god naturleg rekruttering. Fisker vekst jamnt (5 cm/år), har raud kjøtfarge og elles god kvalitet (k-faktor 0,98). Det er avtakande vekst frå 25 cm lengd. Uttak av fisk frå Rensenn kan aukast.

I Strøstjedd er det tynn bestand av aure. Gytetilhøva for aure er dårlege, og det er i tillegg ein tett bestand av abbor. Prøvafisket gav 9 aure og 220 abbor. Veksten til auren er god (5,5 cm pr. år), kvalitet og kjøtfarge er middels. I Strøstjedd er det behov for å tynne bestanden av abbor og auke rekruttering av aure.

Kulturarbeid m.m.

Det er gjort følgjande fiskutsetting i løpet av året:

Vatn	stk.	Alder	produsent
M.Syndin	800	2-årig	FOSA
S.Syndin	1000	1-årig	FOSA
Grønsenn	1200	1-årig	FOSA
Nestisvatnet	800	1-årig	FOSA
Svult	500	1-årig	FOSA
Buaråne	50	3-årig	FOSA
Storfjorden	7000	2-årig	A/L Settefisk

Pålegget om utsetting i Storfjorden er på 10000 stk 2-årig settefisk. A/L Settefisk klarte ikkje å lever nok fisk, og dette vil bli kompensert i 1998.

Fylkesmannen sitt framlegg om å sløyfe pålegget om utsetting av 3000 1-somrig settefisk i Mosvatnet vart stadfesta av DN. Etter drøftingar med prosjektet «Bedre bruk av regulerte vatn og vassdrag i Oppland» vil det bli gjennomført tiltak for å betre gytetilhøva i tilløpselva til Mosvatnet i området mellom Køltjednet og Helin. Tiltaket er gjennomført i 1997, og ein vil følgje opp neste år for å sjå om tiltaket er vellykka.

Ut frå registreringar i 1997 ser det ut som om tiltaket med utbetring av gytetilhøva i Reina ikkje er heilt vellykka når det er liten vassføring. Ein vil neste år vurderer om dette kan betrast.

Dei siste 2 åra er dei fleste gytebekkane undersøkt og registrert med el-fiskeapparat. Dette har synt at det er stor skilnad på produksjon av yngel/småfisk i dei ulike bekkane. I fleire av bekkane er det lite som trengst for å få dei utbeta medan det i andre trengst større arbeid.

Ein har halde fram samarbeid med interesserte fiskarar og fiskeutvalet i V.Slidre jeger- og fiskarlag om innsamling av rogn av lokal stamme for levering til FOSA. På bakgrunn av dette får vi no lokal stamme ved fiskeutsetting. Ein har også ført vidare samarbeidet med opprydding/restaurering av gytebekkar. Vidare har ein del fiskarar gjort ein god innsats med kytefangst. Det er teke opp over 400 liter kyte - hovudsakleg i Grønsenn, Rensenn, Halvorstølstjedne, Midtre og Sørre Syndin.

V.Slidre jeger- og fiskarlag i samarbeid fjellstyret arrangerte også i år fiskedag ved Buaråne.


SMÅVILTJAKT

Forvaltning

Sidan starten på 90-talet har det vore dårleg med lirype. Fjellstyret har derfor dei siste åra redusert jaktpresset. I 1996 reduserte ein ytterlegare ved at talet på jaktkort til fuglejakta vart redusert med 20 %, og at lirype var freda for alle korttyper etter 10 dagar. Ein held fram med same ordning i 1997. Desse tiltaka har gjort at ein har fått redusert avskytinga av lirype, samstundes som ein kunne gi jegerane eit jakttilbod på anna vilt.

Kjuklingproduksjon har dei siste åra vore låg, og fjellstyret meiner dette er den viktigaste grunn til at stamma har vore låg. Dei siste 2 åra var produksjon god, men det må til fleire gode år for at stamma skal ta seg opp att. Inntil stamma har teke seg meir opp, bør ein derfor halde ved lag dei reduksjonar ein har no.

Frå og med jaktseasonen – 96 har utanbygdsjegerane også rapportert ”sett vilt”, lirype, fjellrype, orrfugl og hare. Tal frå desse rapportane må ikkje lesast bokstavleg men i dei gjev eit inntrykk av utviklinga av småviltstammene.



Resultatet av harejakta var i år betre enn på mange år. Avskytinga av hare gjekk ned på same måten som for rype i starten av 90-talet, men resultatet i år er av dei beste vi har hatt når vi reknar felt hare pr. dag.

Kortsal

Jaktkortsålet gav ei inntekt på kr 247205, mot kr 238730 året før. Dette fordeler seg med kr 16110 for innanbygds, kr 39000 for utanbygds uregulert periode og kr 192095 for utanbygds regulert periode. Kortsålet i uregulert periode er gått ned som følge av at det ikkje var jakt med fuglehund og at lirype var freda.

Jaktkortsal for innan- og utanbygds								
Innanbygds		utanbygds						
Fritt sal		Regulert sal					fritt sal	
u/hund	m/hund	u/hund		M/fuglehund		m/harehund	u/hund	m/harehund
		1.p	2.p	1.p	2.p			
29	23	42	40	80	80	94	100	77
	52	82		160		94	100	77
	52	336					177	
	52	513						
565								




Statistikk


Ut frå jaktrapportane har ein berekna total avskyting for alle kortgrupper til 349 stk ryper og 189 stk harar (250 og 130 året før). Ut frå rapportane er det ein produksjon på 3,18 kjuklingar pr. voksne par (4,15 året før).

Jaktstatistikken for mange år tilbake er usikker då svarprosenten for nokon grupper er låg, spesielt for innanbygds jegerar. Det som gir det beste samanlikningsgrunnlaget er



for utanbygds jegerar i regulert periode og følgjande statistikk er derfor berekna ut frå dette.


Utdrag frå jaktstatistikk - fuglejakt:





Utdrag frå jaktstatistikk - harejakt:





ELGJAKT

Alle grunneigarlaga i Vestre Slidre gjekk saman om ei felles driftsplan. Innan viltstell er det frå det offentlege lagt opp til at meir av forvaltninga skal gjerast av grunneigarane. Driftsplanstyret har fått godkjent ei avskytingsplan for 3 år der kvotene blir bestemt årleg.

Kvoten gjekk i 1997 opp frå 18 til 20 dyr og det vart i tillegg tildelt 2 tilleggsdyr frå driftsplanstyret. Alle dyra vart felt og det ser ut til å vere bra med dyr i almenningen. I driftsplanstyret er ein samde om at kvoten i kommunen bør opp. Ein del av auken vil bli tildelt ved tilleggsdyr, og grunnkvoten for almenningen vil derfor ikkje bli vesentleg endra til neste år.

Elgjakta gav ei inntekt på kr 89993 mot kr 95981 året før. Nedgangen i inntekter kjem av at det vart skote lettare dyr enn tidlegare. Inntektene av tilleggsdyra gjekk i 97 til driftsplanstyret til finansiering av drifta.

RÅDYRJAKT

Statsalmenningen fekk som tidlegare tildelt 10 fellingsløyver for rådyr, der 5 av korta vart selde. Ingen dyr vart felt. Rådyrjakta gav ei inntekt på kr 1000.

Kortsålet er administrert gjennom jeger- og fiskarlaget.

JAKTPRØVER

Det vart arrangert både vinter- og haustprøve i almenningen. Dette gav ei inntekt på kr 11310. Prøvene har vorte avvikla utan merknader.

TILSKOT OG TILTAK

Tilskot

Tilskot til stølsvegane blir i hovudsak tildelt til anlegg i staden for vedlikehald. Ved tilskot til anlegg vil investeringane gå til meir varige investeringar og på sikt heve vegstandarden. Ved tildeling av tilskot vil fjellstyret vurdere å prioritere samarbeidstiltak der det er mogeleg.

Tiltak

Etter at Statskog trekte seg ut av samarbeidet med friluftsmidler og det er lite å hente i andre tilskotsordningar ser ikkje fjellstyret det aktuelt å setja i gang nye tiltak av særleg omfang.

Det er trykt opp nytt opplag av friluftskartet. Det er retta opp ein del manglar frå det tidlegare kartet. Kostnadene til kartet utgjer størstedelen av tiltaksutgiftene.

Fjellstyret innvilga følgjande i tilskot/tiltak:

Stølsveg		30 000,00
Høyeme -Strø	30 000,00	
Aggregat		17 885,00
Diverse tilskot		32 345,95
4-H	2 500,00	
Røde kors	1 217,70	
Jubileumsutstilling	2 000,00	
Stølspost	9 284,25	
Valdres forsøksring	2 000,00	
Isfjerning i Åkseleåne	15 344,00	
Friluftslivtiltak vedl./anlegg		84 241,95
Sum		164 472,90

Stølsvegen Vaset-Murkelie har fått innvilga tilskot på kr 50000 til omlegging av vegen forbi Grefsrudbakkin. Tilskotet kjem til utbetaling når arbeidet er utført, sannsynlegvis i 1998.

Det vart for fleire år sidan gjeve tilsegn til stølsvegen Johme-Syndin om kr 50000 til opprusting av Soleikrovegen, men arbeidet er ikkje sett i gang og tilskotet er trekt tilbake.

MILITÆRE ØVINGAR

Britiske militære styrkar har også i år nytta almenningen som treningsområde. Det er no ei jegertropp med snøscooterar og som gjer at bruken av almenningen som treningsområde blir endra. Tidlegare var det mange fleire soldatar med tyngre materiell.

Kontakten med fjelloppsynet fungerte ikkje godt siste år og fjellstyret fekk ein del klager på korleis øvingane vart utført. Dette vart teke opp med britane og ein fekk etablert nye rutiner slik at dette ikkje skal skje seinare. Det er avsett eitt område i almenningen som skal nyttast til snøscootertrening slik at det ikkje skal bli for store konflikter med andre interesser.

MOTORISERT FERDSEL I UTMARK

Samarbeid med kommunen om oppsyn med snøscooterkjøring vart avslutta i 1996 etter at lensmannsetaten fann å kunne prioritere dette arbeidet. Fjelloppsynet vil derfor etter dette ikkje utføre kontroll med snøscooterar som oppdrag for kommunen. Når fjelloppsynet likevel er ute på oppsynsteneste i almenningen, vil dei utføre kontroll.

Statskog vil ha regulert bruken av snøscooter i almenningen og fjellstyret har gjeve uttale til kvar ein ynskjer slik trafikk. Det gjer at all snøscootertrafikk no må skje i bestemte traséar, dette vil også vera gjeldande for dei som eventuelt kjører med heimel direkte i loven.



ØKONOMI

Generelt

Fjellstyret er eit frittståande organ både økonomisk og administrativt. Alle inntekter frå almenningen går anten direkte til fjellstyret (jakt, fiske m.m.) og festeinntektene blir delt 50/50 mellom fjellstyret og grunneigarfondet som er administrert av Landbruksdepartementet (delegert til Statskog). Frå dette fondet får Statskog berre refundert for administrasjonsutgifter, resten går til fellesorganisasjon for fjellstyra og tiltak i statsalmenningane. I tillegg får fjellstyret refundert frå staten 50 % av godkjende oppsynsutgifter.

Fjellkassa hadde ei inntekt på kr 1.114.151,63 og utgift på kr 1.118.166,60 som gir eit underskot på kr 4014,97.

Inntekter og utgifter fordeler seg slik (beløp i næraste heile 1000 kr):



Status

Kasse	0,00
Bank	403 909,22
Postgiro	39 865,53
FOSA-aksjer	55 000,00
Fordringar	500 674,00
Gjeld	-228 256,29
<u>Eigenkapital</u>	<u>771 192,46</u>

Eigenkapitalen bør minimum vere så stor som i dag då ein stor del av inntektene kjem i slutten av året. Inntektene frå festeavgift og elgjakt (ca. 1/3 av totale inntekter) kom faktisk ikkje til utbetaling i løpet av året.

Det er usikkert kor store inntekter vi får framover - mellom anna er refusjon til oppsyn er avhengig av årlege politiske løyvingar og inntektene frå jakt vil vere avhengig av korleis rypestamma utviklar seg. Omlegging av tilskotsordningen til stølsveg vil gjera det vanskeleg å budsjettere sikkert då samla tilskota vil bli varierende avhengig av anlegg som vil bli gjennomført. Inntening ved oppdrag for fjelloppsynet vil også variere då ein stor del av dette er tilfeldige oppdrag.

Samla sett ser har økonomien til fjellstyret likevel vore relativt stabil dei siste 5 åra, og aktiviteten bør leggjast opp etter dette. Ut frå dette bør utgiftene ikkje auke vesentleg dersom det ikkje skal gå for mykje ut over eigenkapitalen.

VASETFONDET

Fjellstyret er tillagt administrasjon av erstatningsfondet for Vasetutbygginga.

Fjellstyret har i år ikkje motteke søknad om tilskot.

Rekneskap for Vasetfondet:

Eigenkapital 1.1	130.012,00 kr
Renter	4.526,00 kr
<u>Eigenkapital 31.12</u>	<u>140.358.00 kr</u>

VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE 2966 SLIDRE, den 13.3.98

Eivind Mørken
fjellstyreleiar

VEDLEGG TIL ÅRSMELDINGA:

Rekneskapsutdrag
Revisjonsmelding

Rekneskapsutdrag

Revisjonsmelding